

Fra: Hilde Enstad[hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 14.08.2023 13:51:55
Til: klun@nve.no[klun@nve.no]
Kopi: Leif Ove
Mikkelsen[leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no]; Post[post@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: Møte

Hei Kjetil!

Det var synd du ikkje fekk anledning til å delta på middag på Baroniet og på årets utgåve av Rosendalsveko. Men vi har forståing for at uveret "Hans" og utfordringane knytt til nedbør og flaum måtte ha heile di merksemd disse dagane. Det var eit svært interessant program på Rosendalsveko, eg håper du får ein ny invitasjon ved neste anledning!

Vi hadde, som du sikkert hugsar, avtalt eit møte med deg der vi ønska å komme i dialog med NVE om Statnett sine planar i Kvinnherad. Det er eit stort engasjement i lokaltbefolkninga, mange spørsmål og mange meiningar om korleis ein kan løyse utfordringane som utbygginga vil gje.

Eg ber deg foreslå nokre datoar som kan passe for eit møte med Kvinnherad kommune. Det hadde vore hyggjeleg om du vil komme til Rosendal.

Venleg helsing

Hilde Enstad | *Ordfører*

Mobil: [+47 906 80 352](tel:+4790680352) | Tlf: [53 48 31 00](tel:53483100)
www.kvinnherad.kommune.no



*Ver merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse
- all dialog på e-post kan bli journalført.*